



Etter adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325

Informasjon om supplerande vern i sørvestre delar av Øygarden kommune

Statsforvaltaren har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet om å gå i dialog med kommunane for å finne fram til kandidatområde for vern for bevaring av verdifull natur.

I Vestland omfattar oppdraget ei mogleg oppretting av tre nye nasjonalparkar og 22 mindre område, i tillegg til utviding av 8 eksisterande verneområde.

Eit av desse områda er mellom Telavåg og Golta. Innafor dette området står du oppført som grunneigar, sjå vedlagt grov skisse til avgrensing av området. Vi ønskjer med dette brevet å informere om oppdraget.

Nasjonalt viktig natur

Områda mellom Telavåg og Golta er blant dei største, mest inngrepsfrie kystlandskapa i Hordaland. Her finn vi store kystlyngheimråder i mosaikk med myrar, tjern og noko naturbeitemark. Kystlyngheia består både av purpurlyng og andre undertypar. Naturtypen er raudlista som sterkt trua og naturbeitemark er nasjonalt raudlista som trua. Det finst også nokre mindre lommer med rik skog med junkerbregne og bergskrentar med blankburkne. Dette er også eit svært viktig friluftsområde med godt etablerte turstiar.

Naturkrise også i Vestland

Globalt, så vel som lokalt i Vestland står vi over for ei naturkrise like alvorleg som klimakrisa. Tap av natur til utbygging er den viktigaste enkeltårsaka. Områdevern sikrar at viktig natur ikkje blir øydelagt, og er difor eit av våre viktigaste verktøy i møte med naturkrisa.

Områda som no skal vurderast og utgreiast for vern i Vestland, skal bidra til å dekke manglane i eksisterande verneplanar. Ved å bevare desse områda som dei er, kan dei bidra til at vi når dei nasjonale måla om bevaring av eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjoner og om å ta vare på trua artar og naturtypar.



Dialog om kandidatområda


God dialog med grunneigarar og andre lokale interesser er viktig i den vidare prosessen. Vi ønskjer informasjon om korleis området vert brukt i dag, både i landbrukssamanheng, men også gjennom friluftslivet, og eventuell anna bruk. Denne informasjonen, kombinert med det som er registrert av naturkvalitetar, vil danne grunnlag for forslag til høvelege vernereglar og avgrensing av verneområde.

Konsekvensar og erstatning ved vern

Føremålet med vernet er å ta vare på dei viktige naturkvalitetane, men også å støtta tradisjonell drift av lyngheiene med beiting og lyngbrenning. Friluftslivet i området vil fortsetje som før.

Men det vil ikkje vere mogleg med ny utbygging eller aktivitetar som kan skade verneverdiane innafor området. Slik er situasjonen også no med dagens regelverk, men med vern etter naturmangfaldlova vil området få ei ekstra beskyttelse. Grunneigarar og rettshavarar har rett til erstatning frå staten for økonomisk tap når eit vern medfører ei vanskeliggjering av igangverande bruk etter naturmangfaldlova § 50.

Det vil vere både uformelle og formelle moglegheiter for grunneigarar og andre å kome med innspel. No er vi inne i ein informasjonsfase og heilt i starten av arbeidet. Sjå figuren som viser gangen i ein verneprosess.



Figuren viser gangen i ein verneprosess. Mørke punkt illustrerer formelle steg. Vi står no på punkt 2 som er innleidande informasjonsfase.

Lokal oppslutning

Målet med arbeidet framover vil vera å informera godt og ha ein god dialog med dykk om kva eit vern vil innebera, slik at vi kan finne fram til kandidatområde som det kan vere lokal oppslutning om.

Kommunane skal involverast i endeleg utveljing av kandidatområde for vern før det vert starta formelle verneprosesser. Det vil vere høve å føreslå alternative område til dei som er kome fram i prosessen til no. Gjennom dialogen med kommunane kan også Statsforvaltaren føreslå alternative område for å redusere eventuelle lokale konfliktar. Føresetnaden er at slike alternative kandidatområde har omrent same naturfaglege kvalitetar som områda Miljødirektoratet har anbefalt.

Meir informasjon

Vi håpar å få meir informasjon frå de som lokalkjente om bruken av området og tips om det er lokale interesser og brukarar vi no i tidleg fase av arbeidet bør gå i dialog med.

Du kan også finne meir informasjon om arbeidet på nettstaden vår som er:

<https://www.statsforvalteren.no/nn/vestland/miljo-og-klima/verneomrade/nye-verneomrade/supplerande-vern/>. Her vil du også kunna sjå meir nøyaktige digitale kartskisser og bilete frå alle dei andre kandidatområda i Vestland, og bakgrunnsdokument for dette oppdraget vårt.

Dersom det er ytterlegare spørsmål kan ein ta direkte kontakt med sakshandsamar på e-post magnus.steinsvag@statsforvaltaren.no eller telefon 55 57 23 25.

Adresselista til dette brevet er invitasjonen er henta ut frå eigedomsregisteret. Dersom de finn feil eller manglar i lista, sett vi stor pris på å få attendemelding om det.

Med helsing



Kjell Kvingedal
miljødirektør

Magnus Johan Steinsvåg
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Øygarden kommune

Vedlegg: Adresseliste og kartskisse




Adresseliste

KAUSLAND INGE	HAFVER ELI KARIN GLESNES
KAUSLAND HARALD ARTHUR	GLESNES SUSANNE
VAKSDAL HANNE GOLTE	ØVRETVEIT SIRI
GOLTEN KJERSTI	KAUSLAND KENNETH
HAUGSDAL RAYMOND	VOLLEN BJARNE HENRY
GOLTEN PEDER KNUT	BLOMVÅGNES-BAKKE BENTE
GOLTEN EDVIN KÅRE	BLOMVÅGNES-BAKKE HANS A
THUE JØRGEN GOLTE	GLESNES EINAR KÅRE
THUE HELGA GOLTE	HØYLAND KÅRE INGMAR
GOLTEN SIGNE HELEN	SANGOLT IVAR EMIL
SELSTØ RIKARD BERTIN	GOLTEN NORVALD MAGNAR
SELSTØ HILDE M MOEN	PEDERSEN SVERRE
SELSTØ ROLF GUNNAR	LITLERE ÅSGEIR
THUEN KJETIL	HØYLAND JANNICKE
THUEN ANITA	KAUSLAND ANDRÉ
BAKKE GERD SYNNEVA	KAUSLAND KRISTIN
REFVIK INEZ MARIE HOLVIK	KAUSLAND BÅRD
REFVIK FINN RAINER	KAUSLAND JOHAN BERNT
MELAND DAG SVERRE	KALVE BENTE
MELAND ARNE	KAUSLAND MONA
THODE JON-ARNE	KAUSLAND LINDA
GOLTEN INGRID	HOPLAND GUDRUN KARIN
GLESNES HENRY ANDREAS	SØREIDE OLAV
GOLTEN ELIN	GOLTEN ARNE
GLESNES HARALD	GOLTEN HELGE SVERRE
ROGNE ANNA BOTILDE	GOLTEN OLE
VABØ ANNE MARIT	GOLTEN ODDVARD
VABØ KÅRE	GOLTEN HÅKON TORE
TVEIT HANS KRISTIAN	ASPHAUG AUD KAROLINE
BILDØY ANNLAUG	ASPHAUG ARNOLD KARL
ANGELTVEIT TOMMY	ASPHAUG ARILD
BRU NINA MERETE	SELSTØ LISBETH
GLESNES JONN ARNE	SELSTØ TROND INGE
SKJELLEVIK SVEIN ARNE	SELSTØ RONNY
MORTENSEN JANETTE	MIDTTVEIT GUNN ANITA
VILLANGER SVEIN OLAV	SELSTØ KENNETH
VILLANGER MARIT KARIN	SELSTØ ROY
FJELL STÅLE	SELSTØ KURT JARLE
TELLE ANNE KRISTIN	SELSTØ INGMAR
HUMMELSUND KARI	SELSTØ GLENN
KALLESTAD HALVARD ANTON	



Kartskisse

Stipila linje viser forslag til kandidatområde.



Her er lenke til [kartavgrensing på Fylkesatlas.no](#)